

**Lindås Kommune**  
**Byggesak**

Eikangervåg, 19.12.2019

**Uttale til klage på vedtak - gbnr. 106/6 - sak 111/19**

Me viser til klage frå Fylkesmannen i Vestland i ovannemnte sak og gjer her tiltakshavars sin uttale til den. Saka er godt opplyst og me reknar med at alle dokument ligg ved saka, våre vurderingar kjem godt fram der.

Slik me ser det fremfører ikkje klagar nye moment som ikkje var kjent på vedtakstidspunktet, alle dei moment som var og vert framført er grundig vurdert av plan- og miljøutvalget under og i etterkant av befaring på eigedomen. Akkurat det meiner me er eit svært viktig moment – vedtaket i saka er kommen etter at eit lokalt valt utval har vurdert alle moment samt vore på befaring på den aktuelle eigedomen – det skal etter vår vurdering svært tunge nye moment til for å snu eit slikt vedtak - det kan me ikkje sjå at klagar framfører her.

Me viser i denne samanheng til at statlege styringsmakter over tid har auka fokus på hensynet til lokaldemokratiet der det blant anna i rundskriv H-2/14 er sagt at «... innsigelsesmyndighetene viser stor varsomhet med å overprøve kommunestyrets politiske skjønn i lokale forhold.» Dette er på ny presisert frå kommunal- og moderniseringsdepartementet den 3. september 2019 gjennom eit brev til alle fylkesmenn med titelen «Fylkesmennenes medvirkning og behandling av saker etter plan- og bygningsloven.».

PMU har vore på synfaring og gjort ei brei vurdering av saka for deretter å treffa eit vedtak med svært god grunngjeving – då er det vanskeleg å akseptera at dette skal overprøvast gjennom eit «skrivebordsvedtak» på regionalt nivå utan befaring av eigedomen.

Å avgjere arealbruk slik som i denne saka må heilt klart kunna definerast som ei politisk oppgåve og nettopp det lokale politiske skjønnet meiner departementet at skal stå svært sterkt – klagen bør difor etter vår vurdering ikkje bli tatt til følge og løyve gitt av Lindås Kommune må fortsatt vera gjeldane.

Med vennlig helsing  
**Kålås Bygg AS**



Lars Alvær Hagesæter  
Daglig leder

